



ANNONSE



Skulpturer til salgs

I vår nettbutikk kan du kjøpe
vakre skulpturer.

Galleri Kjeldaas

NÆRINGSLIV TIME HÅLAND NÆRINGSOMRÅDE DALEMA AS

Utvidar det største bygget på Håland med 5000 kvadratmeter og skal huse Skandinavias største kjøkkengrossist



STORT BLIR STØRRE: Christoffer Martinsen i Dalema-konsernet framfor høglageret som blir på over 20.000 kvadratmeter. Mesteparten blir fylt av kjøkkenartiklar, når Modern House samlar aktiviteten på Håland. Foto: Snorre Standish Norheim

Av Snorre Standish Norheim

29. juli 2020, kl. 07:00

Høglageret på Håland får ei golvflate på over 20 mål.

DEL

f

...

ANNONSE

Hetlandhus laga ferdighus i det massive rektangelet på Håland utanfor Bryne, fram til etterspurnaden svikta. I 1999 kjøpte Dag Leo Vestre Martinsen eigedommen med tomteareal på 53 mål, der han etablerte hovudkontor for sitt veksande handelshus.

Lagerbygningen på tomta er enorm, med 13 meters takhøgde, 18.000 palleplassar og eit fotavtrykk på nesten 14.000 kvadratmeter.

På innsida av bygningen ligg lagerutsalet Outlet Jæren (2000 kvadrat), netthandellageret til butikkjedene Kitch'n og Tilbords, pluss delar av lageret til kjøkkengrossisten Modern House.

Det er sistnemnde som nå har behov for meir plass.

Skandinavias største

– Anlegget blir Skandinavias største for kjøkkenutstyr, seier Dag Leo Vestre Martinsen, som i tillegg til å vera huseigar, er dagleg leiar og deleigar i Modern House.

Selskapet er ein av Skandinavias største importørar/grossistar av kjøkkenutstyr, med hovudkontor på Bryne og kontor i Oslo, Stockholm og Guangzhou. Omsetning ligg på 400 millionar.

Selskapet fører 50 prosent kjende merkenamn og 50 prosent varer under eige merkevarenamn, med Modern House-lappar på.

Nå ønskjer eigarane å samla aktiviteten til Modern House på éin stad. Ein del kjem frå eit stort lageranlegg utanfor Hønefoss.




FULLT: Etter at Hetlandhus gav seg, og Nodeco, Weatherford og Ringnes hadde flytta inn og så ut, kom Varehuset Martinsen til Håland i 1999. Her ragar reolane til taket, fulle av kjøkkenreiskapar, steintøy og steikepanner. Foto: Snorre Standish Norheim

Klar til bruk i 2021

Det var ved årsskiftet at Dalema-konsernet til Vestre Martinsen, kjøpte seg inn i Kibord AS. Dalema AS eig nå ein tredel av selskapet, som også har Wiggo Erichsen med på eigarsida. Kibord AS eig Modern House og butikkjedene Kitch'n og Tilbords.

– Då me tok ein eigarposisjon i Kitch'n og Tilbords, ønskte me å samlokalisera alt som har med kjøkken å gjera. Det er alltid eit spørsmål kor du skal og ikkje skal byggja ut, men me fann ut at det var fornuftig, seier Vestre Martinsen om samlokaliseringa på Håland.

Utvidinga på Håland gjer at ingenting må flytta ut av lageret, for å få plass til kjøkkenutstyret.



TILBYGG: Tilbygget blir 108 meter i breidda og 44 meter i djupna. Rammeløvet vart gjeve 21. juli. Foto: Egerconsult

Klar til bruk i 2021

Byggjearbeid blir truleg over sommaren, etter at utbyggjar har kome til semje med kommunen om byggjehøgder og offentlege vass- og avløpsleidningar. Når utvidinga er klar, ein gong på nyåret, må talet på tilsette aukast.

– Me blir ein stor arbeidsplass, totalt sett, i hallane, seier Vestre Martinsen.

Ein stad mellom 25 og 30 personar skal jobba i Modern House-lageret. I nettbutikken til Kitchen og Tilbords varierer talet på tilsette.

[Ved spesielle handelsdagar som Black Friday, blir det henta inn ekstra mannskap for å møte etterspurnaden.](#)



NETTHANDEL: Prissila Sevatdal (42) har jobba to år og Margit Ueland (22) i eitt år, med å plukka nettordrane for Kitch'n og Tilbords. Kibord-konsernet forventar vekst i netthandelen i åra som kjem. Foto: Snorre Standish Norheim



BLACK FRIDAY: 120 personar vart henta inn for to år sidan, for å ta unna ordrane på handelens mørke dag. Foto: Hilde Anette Ebbesvik

120.000 kvadratmeter

Lageret på Håland er ikkje på langt nær det største i porteføljen til det Bryne-baserte Dalema-konsernet. Dag Leo Vestre Martinsen fortel at mykje av eigedommen har følgd med ved oppkjøp.

– Me har kjøpt mange bedrifter, då følgjer det ofte med mykje eigedom. Totalt i Sverige, Danmark og Norge har me ein eigedomsportefølje på 120.000 kvadrat.

På Austlandet ligg det to anlegg som er større enn det på Håland. På Jevnaker ligg eit lager på 32.000 kvadrat, på Hensmoen utanfor Hønefoss ligg eit lager på 20.000 kvadrat og 3.000 kvadrat utstillingsrom.

I Sverige er anlegget i Tidaholm på rundt 25.000 kvadrat. Anlegget i Oltedal, etter Gjestal næringspark, er på 10.540 kvadrat.

Lik Jærbladet på Facebook

Lik dette 17k personar likar dette. Registrer deg for å sjå kva venene dine likar.

Les meir om: [Næringsliv Time](#) [Håland næringsområde](#) [Dalema AS](#)

Fleire saker